

Uskedal sokneråd 2011–2015



Soknerådet i jubileumsåret har bestått av (frå venstre) Møyfrid Kristoffersen, Tormod Myklebust, Ingunn Olsen, Ove Magne Myhre, Gunnbjørn Stensletten Eik, Reidar Myklebust og Hans Reidar Kjærland.

Soknerådet skal gjera ein ekstra innsats før jul - med sal av jubileumsboka. Dei 100 åra er snart til endes og utgjevnaden av boka var eit av høgdepunktane i feiringa. Boka, som er forfatta av Kaare Skaala frå Rosendal, har fått mange lovord.

Det er noko meir enn ei jubileumsbok - det er nesten ei bygdebok for Uskedalen. Ikkje minst er det grunn til å berømme dei ansvarlege for biletstoffet. Det er også eit delikat produkt, trykt av Nils Sund i Haugesund.


I boknemnda har Tormod Myklebust, Bjørgulv Eik, Møyfrid Kristoffersen og Hans Ordin Østebø vore medlemmer.

Boka er trykt i 500 eksemplar og soknerådet vonar å få selt mange før jula kjem.

- Dette er ei framifrå julegåve, held sokmerådsmedlem Hans Reidar Kjærland fram og opplyser at salet skal skje på SPAR imorgon fredag, laurdag 13 og laurdag 20. desember. Medlemmene av soknerådet tek ei økt kvar med salet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Hans Ordin Østebø

Høyr kor kyrkjeklokka lokkar



Uskedal kyrkje 1914-2014

100 år

Jubileumsboka er eit delikat produkt også med omsyn til layout og trykk